

Emnet er evaluert av studentane våren 2020, i etterkant av koronaepidemien. Fokuset på evalueringa ligg difor på korleis denne vart handtert av emneleiinga. Emneleiinga består av universitetslektor Kristian A. Bjørkelo, som òg har forfatta dette samandraget.

Emnet sto i den særskilte stilling at samstundes som studentane skulle ut i sitt praksisopphald, vart landet i stor grad stengt ned den 12. mars. Dei fleste aktuelle praksisplassane gjekk over til heimekontor og digitale arbeidsmiljø der dette var mogleg, festivalar og andre arrangement vart utsatt eller avlyst. Dette første til at fleire av studentane vart sendt heim. Nokre fekk utsatt praksis. Andre fekk gjennomført praksis ved heimekontor. Ved siste opptelling var det tre som ikkje hadde kunne få gjennomført praksis.

For å vege opp for endra praksis vart studentane følgd opp gjennom digitale system med digital rettleiing og undervising. Eit seminar for å drøfte situasjonen og bli kjend med systema, og to om krisekommunikasjon, samt ein video og seminar om eksamensførebuing. Dette vart gjort i lag med timelærer Jo Høyer, samt bidrag frå Bergen Kommune og Equinor.

### **Generell oppleving**

Det var femten studentantar på emnet. Fjorten har fullført eksamen, ein har fått utsatt til midstemester i haust. Av desse femten har seks svart på emneevalueringa. På spørsmål om kor nøgd dei er med emnet er dei delt 50/50 mellom svært nøgd, og ganske nøgd. I tillegg meinte fem av dei seks respondentane at emnet var i stor grad heilskapleg samanhengande, den sjette respondenten meinte det var i "nokså stor grad. Noko vi tek som eit teikn på at dei generelt er godt nøgd med emnet dette semesteret. På spørsmål om undervisinga var det ein student som var ganske misnøgd, fire var ganske nøgd, medan ein var særst nøgd. Vi veit ikkje kva som var avgjerande for å gjere den eine studenten misnøgd, og om i kor grad dette var påverka av koronatiltak.

Fire av respondentane meder at dei særst nøgd med arbeidet i skriveseminar, og med undervisinga på skriveseminara. Medan to svarte at dei var ganske nøgd.

### **Læringsutbytte og arbeidslivsrelevans**

Fire av respondentane svarte at dei hadde hatt stort eller nokså stort læringsutbytte av førelesingane, medan ein svarte verken eller, og ein svarte nokså lite utbytte. Tre respondentar meldte at dei opplevde at undervisinga hadde stor arbeidslivsrelevans, medan to meldte at dei opplevde arbeidslivsrelevansen som nokså stor. Berre ein meldte at dei opplevde relevansen som nokså lite. Sistnemnde tyder på at vi kan jobbe med å tydeleggjere dette for alle studentane, og at vi kan greie ut tidleg i semesteret kva studentane har av forventingar.

### **Korona**

Det er blanda respons til den digitale ekstraundervisinga i krisekommunikasjon under korona. Dette kan vere eit resultat av kort tid på å tilpasse undervisinga, samt at den digitale plattformen ikkje er ideell. Fire av respondentane var likevel ganske nøgd, medan ein meldte at det var "verken / eller" og ein var misnøgd. Då oppmøtet på denne undervisinga var mindre enn den vanlege undervisinga, burde vi ha hatt med eit spørsmål om korvidt dei deltok eller ikkje, for slik det står no veit vi ikkje om respondentane var med under seminaret eller såg det i opptak i etterhand.

Vi spurde respondentane om fritekst svar om koronahandteringa, og om noko kunne vore gjort annleis. Her kjem det fram at dei fleste var nøgde med informasjonen og oppfølginga dei fekk, medan nokon følte det kunne vore betre og tettare oppfølging, og samt meir informasjon. I ei krisetid er dette særst forståeleg, då behovet for informasjon ofte dreier seg òg om ei kjensle av å få kontroll på ein ukontrollert situasjon. Ein respondent skriv òg at undervisinga virka godt førebudd og gjennomført.

### **Andre fritekst kommentarar**

Vi spurde respondentane òg om kommentarar om kva som fungerte i emnet, og kva som ikkje fungerte. Svara vi fekk der samsvara mykje med resten av undersøkjinga. Men vi kan framheve nokre kommentarar.

Ein respondent skriv: "Min opplevelse av emnet i sin helhet er at det er godt, foreleserne er interesserte, kunnskapsrike og gode til å formidle. Emnet er et av de mest gjennomførte emnene som jeg har tatt ved UiB".

Skriveseminarane vert framheva i fleire kommentarane, mellom anna som "superbra", og ein respondent gjev uttrykk for at variasjonen i undervisarar var eit pluss.

Av kva som ikkje fungerte kan vi merke oss at ein respondent opplevde førelesinga som litt lang, dette gjaldt spesielt øktene utan skrivepauser. Her er det mogleg å gjere endringer. Ein respondent meinte vi kunne vere tydelegare med kva som vert forventa på eksamen, og det er òg noko som er mogleg å jobbe med.

Det vert òg påpeika at korona var ei hindring for gjennomføring av emnet.

Men sjølv her i denne delen av evalueringa virker studentane for det meste positive, med fleire respondentar som skriv at dei har ingenting å utsette.

### **Avslutningsvis**

Alt i alt virker studentane nøgde i sine svar på dette. Det vil alltid vere betringspotensial, og det tar vi med oss vidare i planleggjing av vidare semester. Vi står overfor ein haust der det potensielt kan komme nye koronatiltak når ei ny bølge av smitte treff oss. Det er difor viktig at vi tar med oss alt vi har lært i vårsemesteret 2020 og bruker det til å gje studentane ei minst like god oppleving av Praktisk informasjonsarbeid i framtida.